

# Årsplan for Aure SFO 2024/2025



I ÅRSPLANEN VIL DE BLANT ANNA  
FINNE INFORMASJON OM  
MÅLSETTING, RAMMEPLAN,  
AKTIVITETAR OG PEDAGOGISK  
FORMÅL.

## Innhaldsliste

Definisjon og formål	side	3
Målsetjing	side	3
Personalet	side	4
Barnegruppa	side	5
Rammeplan for SFO	side	6
Styrande lovverk, vedtekter og planar	side	11
Verdigrunnlag	side	12
Leik, læring og tilrettelegging av miljøet	side	12
Aktivitetar	side	13
Måltid	side	13
Samarbeid SFO	side	13
Foreldresamarbeid	side	14
Samarbeid skule /SFO	side	14
Planar	side	14
Meldingar	side	14
Utstyr til barna	side	15

## Definisjon og formål

**«Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.»**

Dette følgjer av opplæringslova § 13-7.

## Målsetjing

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men også ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir derfor vektlagt på SFO og det blir lagt til rette for at barna skal kunne utfalde seg etter eigne ønskjer innafor trygge rammer og med rettleiing av ein voksen om det trengs. Gjennom leiken får barna vere saman og får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

Vi på Aure SFO har laga ei målsetjing som skal skape rammer for barna sine mulegheiter og utvikling i SFO:

### Våre prioriteringar er:

- At SFO skal vere ein trygg stad å vere.
- At barn og voksne skal oppleve omsorg og anerkjenning.
- Leiken, som den største sosialiseringarenaen, der barn utviklar sosial kompetanse, forståing og respekt for kvarandre.
- At venner er viktig.
- At voksne skal vere støttespelarar for barna.
- At vi gjennom aktivitetane våre stimulerer barna sin fantasi og kreativitet.

SFO fyljer same ordensreglementet på området som elles gjeld ved Aure barneskule, noko som gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Aure SFO skal vere ein trygg og god stad der barna sine ønskjer og behov blir vektlagde. Organiseringa av dagen skal pregast av barna sine behov for leik, kulturaktivitet, tur og sosial læring. Dei voksne ved SFO vil gi tilsyn og omsorg slik at barna føler tryggleik og trivsel ved skulefritidsordninga.

Sjå elles <https://www.sykkylven.kommune.no/tenester/skule/sfo/vedtekter-for-skulefritidsordningar-sfo-i-sykkylven-kommune.6077.aspx>  
for vedtekta til SFO.

## Personalet

Rektor Kjersti Hovet

SFO-leiar Janne Marstrander

Miljøterapeuter  
Elisabeth Haugen  
Karoline Beate Øie Duestøl  
Ann Kristin Tangen Bjørnevik  
Veronica Marie Sørum  
Heidi Aarseth Bolstad

Fagarbeidrarar  
Ann Kristin Krohn  
Siri Bergmann  
Karina Elisabeth Bjørk Bergene  
Evy Kristin Kvalsvik  
Åse Annette Elsebø

Assistentar  
Bjørg Selsbakk  
Ragnhild Beate Søvik  
Hilde Iren Skarbø  
Merethe Nytun  
Vegard Søvik Karlsen  
Marie Bueide  
Erling Tore Waagsbø

Språk-assistentar  
Salwa Obeid  
Yevheniia Hulchenko  
Mariia Kazanantseva  
Svitlana Smirnova  
Aglaya Belya  
Oksana Fedorova

Lærling Sandra Støylen

Språkpraksis  
Yevhennia Tretriak  
Valentina Silnichenko

I tillegg har vi faste og trygge tilkallingsvikarar, som barna kjenner godt.

Dei som jobbar i SFO har deltidsstillingar, som dei kombinerer med å jobbe i skulen.

Det overordna ansvaret for SFO ligg hos rektor.

## Barnegruppa

For skuleåret 2024/2025 blir det ca 140 barn på SFO.

## Rammeplan for SFO

Hausten 2021 fekk SFO rammeplan. Rammeplanen har status som forskrift med heimel i opplæringslova §13-7, og gjeld for skulefritidsordningar som er omfatta av denne bestemminga. Den nasjonale rammeplanen skal bidra til eit meir likeverdig tilbod på SFO. Kommunen har ansvar for at SFO blir drive i samsvar med gjeldande regelverk.

Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på barns oppvekst og utvikling, bør SFO og skule samarbeide tett.

Opplæringslova kapittel 9A, om eleven sitt skolemiljø, gjeld også for SFO, bortsett frå dei unntaka som følgjer av §9A-1. Kapittel 9A handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvaret for barna sin tryggleik hos dei vaksne. Personalet i SFO er også omfatta av meldeplikta til barnevernet, jamfør barnevernlova §6-4. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, gjeld også for SFO.

Rammeplanen utdjupar og presiserer verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO byggjer på grunnleggande verdiar som også gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har sluttat seg til internasjonale konvensjonar, som FNs barnekonvensjon om barns rettigheter og ILO – konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Verdigrunnlaget i rammeplanen byggjer også på desse.

### Rammeplanen for SFO består av seks kapittel:

1. Om rammeplan for skulefritidsordninga
2. Verdigrunnlaget til skulefritidsordninga
3. Innhaldet i skulefritidsordninga
4. Ei inkluderande skulefritidsordning
5. Samarbeid i skulefritidsordninga
6. Kvalitetsutvikling



Sjå tabell neste side for korleis Aure skulefritidsordning jobbar med Rammeplanen.

<b>Tema i rammeplanen</b>	<b>Kva seier rammeplanen (Utdrag av denne, sjå <a href="#">udir.no</a> for fullstendig innhald).</b>	<b>Korleis skal vi jobbe med dette på Aure SFO</b>
2.2 Eigenverdien til barndommen	Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnet sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn.	Aure SFO set foreldresamarbeid høgt og alle foreldre kan ta kontakt med SFO-leiar eller baseleiar når dei ønskjer. Vi prøver så langt det lar seg gjere å oppfylle behov som barna har. På Aure SFO set vi opp aktivitetar som barna kan velje mellom og barna får sjølve bestemme kva aktivitet dei skal vere med på. Aktivitetar som t.d. tur, kan ikkje alltid barna velje vekk utan at det er fysiske grunnar for dette. Vi jobbar for barn sin medverknad samtidig som vi av og til kan ha fastsette aktivitetar alle skal vere med på. Om eit barn ønskjer å kvile seg med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God kommunikasjon med barna vil vere avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyr.
2.3 Tryggleik, omsorg og trivsel	SFO skal ta vare på og møte barn sine behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrnad og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte i å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og giast mogleheter for å gi omsorg.  SFO skal fremje barna si fysiske og psykiske helse og bidra til at dei opplever glede og meistring.	Ved å vere tett på barna og ha dei same barnegruppene over tid, lærer dei tilsette barna å kjenne, og barna føler seg trygge på den vaksne. På SFO deler vi kvart år inn faste barnegrupper. Barna vil bli trygge på gruppa si og dei vaksne som er i gruppa. Det er ulikt frå år til år korleis gruppene blir organiserte. Vi fastset gruppene i august når vi ser samansetninga av barnegruppa. Ved å vere tett på barna, ser vi dei ulike behova samtidig som vi kan støtte, oppmuntre og gi den omsorga barnet treng.  Fysisk fostring er viktig for barn; både fysisk og psykisk. Barna opplever meistring, samhald,

		tilhøyrnad og vennskap. Gjennom ei veke på SFO legg vi til rette for mykje utetid og gymsalaktivitetar. Slik vil vi tilrettelegge for at barn får utfalte seg fysisk, dette vil også påverke den psykiske helsa til barnet.
2.4 Mangfald og inkludering	Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO.	Gjennom samtalar med barna, legg vil til rette for ulikheiter og mangfald. Barn med utfordringar blir anerkjende for den dei er og det dei treng. Andre barn på gruppa blir rettleia om dei har spørsmål dei lurer på. Alle barn er ulike på kvar sin måte, og vi lærer alle barn at vi skal respektere og anerkjenne alle. Vi jobbar for eit inkluderande fellesskap der barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølve og respekt for andre.
2.5 Skaparglede, engasjement og utforskarterang	Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjement og utforskarterang til barna, skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO.  SFO skal prioritere tid og rom for leik.	På Aure SFO skal vi ha varierte aktivitetar gjennom veka. Dei fleste aktivitetane er sjølvvalde og vi legg samtidig opp til mykje frileik.. Vi set barna sin medverknad høgt i alle typar leik.  Vi set av mykje tid til både inneleik og uteleik der faste vaksne er til stades og støttar barna i det dei treng.
2.6 Demokrati og fellesskap	SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har	Barna skal oppmuntrast til deltaking i fellesskapet. Vi jobbar med dette kontinuerleg, i samtalar saman med barna og «her og no» situasjonar. Alle barn skal føle at vi vaksne høyrer på kva dei vil seie, samtidig må barna lære seg at

	moglegheit til å bli sett og høyrt.	dei ikkje alltid får det slik dei ønskjer. Gjennom å delta i fellesskapet lærer barna å tilpasse seg andre.
2.7 Berekraftig utvikling	Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.	Vi legg alltid vekt på at vi skal rydde opp etter oss når vi er ute og på tur. Inne kjeldesorterer vi matavfall, restavfall og papir. Ein gong i året på våren, går vi tur og ryddar opp i vegkanten og i fjøra. Vi legg vekt på å handle inn kvalitetsleiker, lære barna å ta vare på utstyr, ikkje ha bruk og kast mentalitet.
3.1 Innhaldet i SFO	SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.	Gjennom veka har vi aktivitetar inne/ute leik, gymsal, formingsaktivitetar, tur, osv. Vi set opp barnegrupper som gir god samhandling innad i gruppene. Alle skal få medverke i eigen kvardag.
3.2 Leik	Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal kvar dag ha tid og rom til leik. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.	Vi legg opp til variert leik gjennom året. Dei vaksne er tett på for å fange opp det som skjer. Den frie leiken er sentral på SFO, då dette er eit fritidstilbod. Barna skal trivast på SFO og dei skal halde på med kjekke aktivitetar saman med andre barn og vaksne. Leik fremjar barnet si utvikling, og forsking viser at barn lærer betre om dei har tilgang til leiker.

3.3 Kultur	SFO skal legge til rette for at barna får delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar.	Vi legg opp til formingsaktivitetar gjennom veka som barna kan velje å vere ein del av. Barna blir kjende med ulike material, får lære ulike teknikkar og ferdigheiter. Det er viktig at barn får uttrykkje seg gjennom skapande aktivitetar, dette gjeld også musikk og dans.
3.4 Fysisk aktivitet og rørsleglede.	SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som bør fremje barna si rørsleglede og motoriske utvikling. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørslelek og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.	Aure SFO set rørslelek høgt og bruker derfor mykje tid ute på skuleplassen der vi legg til rette for ulike typar rørslelek. Vi bruker gymsalen og nærmiljøet. For å fremje aktivitetslyst legg vi vekt på at barna får vere med på å bestemme. Vi har også samarbeid med kommunal fysioterapeut og vidareformidlar Solid Start, som barna er kjende med frå barnehagen.
3.5 Mat og måltidsglede	SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevaner. Barn skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan vere matpakke eller mat servert av SFO.	Vi sit på klasserommet og et matpakken vår. Alle <i>barna får tilbod om frukt og mjølk kvar dag</i> . Vi legg vekt på å skape ro under måltidet.  <i>Av og til får barna sjå på NRK Super når dei et.</i>
4 Inkluderande SFO	SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleveling av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrnad og sosialt fellesskap med andre barn og personale. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av	På Aure SFO har vi stor takhøgde for at vi alle er ulike og dette er noko vi snakkar med barna om heile tida. Vi legg til rette for at alle skal føle seg anerkjente og respekterte, både blant barn og personale. Vi har tett foreldrekontakt slik at vi lettare kan fange opp om

	<p>mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheit for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna, leggje til rette for at alle barn kan delta.</p>	<p>nokon ikkje føler seg som ein del av mangfaldet.</p> <p>Gjennom ei veke på SFO har vi ulike aktivitetar og ulike grupper, barna vil då oppleve å kunne danne vennskap på tvers av aldersgruppene. Dei vaksne på Aure SFO legg til rette for ulike leikeaktivitetar og rettleiar/observerer barn som treng det i den sosiale leiken.</p>
5.1 Samarbeid i SFO	<p>Omsynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar.</p> <p>Barna sine foreldre/føresette er sentrale samarbeidspartnarar i arbeidet med å ta i vare barnet sitt beste. SFO skal leggje til rette for god dialog mellom foreldre og personalet.</p>	<p>Aure SFO prøver så langt det let seg gjere å møte foreldre og barn kvar morgen, også ved henting. Då gir vi beskjed om noko har skjedd og foreldra kan gi beskjed om det er noko dei ønskjer å snakke om.</p> <p>Vi har tett samarbeid med kontaktlærar og helsesjukepleiar på skulen om det skulle vere noko. Vi er også deltarar i ulike samarbeidsmøte.</p>
5.2 Overgang barnehage - skule	<p>SFO skal samarbeide med barnehagen og skulen om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.</p>	<p>SFO-leiar er med på overføringsmøte mellom barnehage og skule.</p>
6. Kvalitetsutvikling	<p>Eigar og alle som arbeider i SFO, skal saman vere med på å oppfylle måla i rammeplanen med utgangspunkt erfaringane sine og den enkelte sin kompetanse.</p> <p>SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon, som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin.</p>	<p>SFO har personalmøte ein gong i månaden for å planleggje og evaluere verksemda. Vi legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon rundt drifta vår.</p> <p>Personalet har vidare fleire gruppemøte i månaden for å</p>

		plaleggje drifa ved kvar enkelt base.  SFO har fem studiedagar i løpet av eit år. Her arbeider ein med kvalitetsutvikling.
--	--	--

## Styrande lovverk, vedtekter og planar

[Opplæringslova § 13 – 7 Skulefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. trinn og for barn med særskilte behov på 1. – 7. trinn.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Innledning/>

[Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den handlar om barna sin rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

<https://lovdata.no/nav/lov/1998-07-17-61/kap9a>

[Vedtekter for sfo ved Aure Barneskule](#) er utarbeidd i tråd med §13-7 i opplæringslova.

<https://www.sykkylven.kommune.no/tenester/skule/sfo/vedtekter-for-skulefritidsordningar-sfo-i-sykkylven-kommune.6077.aspx>

[Rammeplan for SFO](#) set rammer for satsingsområde, aktivitetar, samarbeid SFO-heim, leiing av SFO og kvalitetsoppfølging i SFO for alle skulefritidsordningane.

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

## Verdigrunnlag

Verdigrunnlaget i rammeplanen for SFO ligg til grunn for arbeidet vårt på SFO. Det handlar om barna sin eigenverdi, korleis vi skal skape ein trygg SFO-kvartdag og ivareta kvart enkelt barn sitt behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det å vere med på å skape gode og meiningsfylte leikar og aktivitetar.

SFO skal støtte og fremje barna si fysiske og psykiske helse og bidra til gode relasjonar mellom barna, dei tilsette og foreldra.

SFO skal vise respekt og anerkjenning for ulikheiter og mangfold, og det skal leggast til rette for at alle barn har gode utviklingsvilkår uavhengig av føresetnader og behov.

SFO skal oppretthalde barna si naturlege evne til skaparglede, engasjement og utforskning. Vi skal støtte barna si naturlege utvikling i leik, meistring, utforskning og læring.

SFO skal bidra til demokratiet og at alle barn har ei kjensle av fellesskap og tilhøyrigheit på SFO.

SFO skal støtte opp under verdiar som fremjar berekraft og miljøvennlege haldningar og handlingar.

## **Leik, læring og tilrettelegging av miljøet**

Leik er sentralt for barna si utvikling, legg grunnlag for vennskap og har ein verdi i seg sjølv. Barna sin leik i SFO skal derfor respekterast og anerkjennast. Deltaking i leik og utvikle vennskap er grunnlag for trivsel i SFO. På SFO har barna eit større frirom enn på skulen til sjølve og/eller i samspel med vene velje aktivitetar og leik etter behov og interessene sine. Gjennom leik utviklar barn sentrale ferdigheter i empati, evne til relasjonar og samhandling, kreativitet og innovasjon, sjølvkontroll og sjølvhevding.

Aktivitetane i SFO vil bli tilpassa barnegruppa og leiken vil ha ein stor plass i SFO.

Aktivitetane på SFO vil vere i tråd med innhaldet og kvardagen i skulen.

SFO skal fremje læring og bidra til utvikling og eit godt leikemiljø. SFO skal leggje til rette for at barn med behov for særskild tilrettelegging blir inkludert i leik og tilrettelagt aktivitet.

## **Aktivitetar**

Rammeplanen seier noko om innhaldet i SFO. For oss er det viktig at innhaldet bidreg til vennskap, glede, meistring, læring og utfalding av det frie barnet. Som eit ledd i dette vil vi bidra til fysisk aktivitet og rørslelek, både ute og inne. Det vil vere rom for både fri leik og organisert leik. Fysisk aktivitet er ei kjelde til trivsel og helse og ei nødvendigheit for normal vekst og utvikling. Vi vil benytte oss av gymsal, turar i nærområdet og bruke mykje tid ute.

Vi deler oss i grupper utifrå barna sin alder. 1. trinn blir ei gruppe, 2. trinn blir ei gruppe og 3. og 4. trinn blir ei gruppe. Aktivitetane vil vere tilpassa alder og funksjonsnivå. Vi vil tilby barna ulike aktivitetar som til dømes forming, sløyd, gymsal, matlagning, dans, men sidan det er skulefritid får barna sjølv velje om dei vil vere med på aktivitetane eller ikkje.

Gruppene har stort sett utetida si felles, men dei vil ha ulike aktivitetar gjennom veka.

På turdagar er vi tilbake til skulen ca kl 15.00. Dersom barnet ditt må hentast før den tid, kan det vere greitt å ta kontakt med SFO, så finn vi ei løysing i lag.

## **Måltid**

Skuleåret 2024/2025 tar barna med seg påsmurt mat i matboks til SFO. Matboksane blir plasserte i eit eige kjøleskap fra morgonen av og fram til barna skal ete i SFO-tida. Det vil bli kjøpt inn frukt og mjølk til dei barna som skal ha dette.. Det vil då bli reduserte kostpengar på SFO-faktura.

Administrasjonen, saman med personalet har diskutert dette, og vi har landa på at vi vil bruke vaksenressursane der dei trengs mest, saman med barna. Sidan her blir så mange overgangar på

kort tid, vil vi ha fokus på tryggheit, trivsel og vennskapsbygging. Vi ønskjer å bidra til ei auka forståing av korleis eit inkluderande leike- og læringsmiljø på SFO forutset at barna opplever skulen og SFO som ein trygg og god stad å vere, slik det også er lovfesta gjennom opplæringslova, kapittel 9A, «Elevane sitt skulemiljø». Det er enklare å jobbe med relasjonsbygging, vennskap og utanforskning med høgare vaksentettheit.

Vi vil etter kvart sjå på mulighetene for å servere eit måltid her ved skulen, men i den noverande situasjonen manglar vi personalressursar for å kunne få dette på plass.

## Samarbeid SFO

SFO- personalet samarbeider dagleg om innhaldet og tilbodet i SFO. Det vert også lagt opp til faste møte, basevis kvar veke. Personalet på SFO er primært dei same som elevane kjenner frå skulen.

Dette bidreg til at personalet og barna kjenner kvarandre godt.

Einingsleiar v/skulen er SFO sin øvste ansvarlege leiar.

## Foreldresamarbeid

Alle på SFO ønskjer eit godt samarbeid med alle føresette. Det inneber lav terskel frå foreldre om de ønskjer å ta opp noko eller drøfte det ein har på hjartet. Det er med på å betre vår forståing av barnet og gjere oss betre rusta til å møte barnet om det har nokre ekstra utfordringar eller har det litt ekstra tungt ein periode.


Hente/bringesituasjonen skal vere open og imøtekommende. Føresette og barn skal føle seg velkomne og ivaretatte. Desse situasjonane vil vere fine til å gi informasjon om barnet sin dag/eller morgen, men om ein ønskjer ein samtale under fire auge, ber vi om at de tek kontakt med SFO-leiar og avtaler eit samarbeidsmøte med leiar og evt. andre tilsette på SFO. Gjeld det skulen generelt ber vi dei føresette om å kontakta kontaktlæraren.

## Samarbeid skule /SFO

- Skule og SFO informerer kvarandre om det har skjedd noko i løpet av skuledagen eller SFO-dagen som er viktig å formidle for å gi ein heilskapleg kvardag for elevane eller som er viktig for elevane si utvikling eller trivsel.
- Vekeplanane på skulen inkluderer opningstidene på SFO.
- Dersom det er endringar i skuletida, blir dette avtalt med SFO på førehand.
- Fråvær på elevar blir lagt inn i Visma.

## Planar

Det blir utarbeid ein årsplan ein gang for året.  
Denne blir lagt ut i Visma skole appen.



## Meldingar

Det er viktig med eit tett og godt samarbeid mellom SFO og foreldre/føresette. De skal føle at barna er trygge her, så gjer vel å ta kontakt om det er noko de ønskjer vi skal ta omsyn til.

SFO sender melding heim om det er nødvendig.

Gje beskjed i Visma, under varsel, om barnet ditt skal gå heim åleine. Skal barnet ditt gå heim til eit fast tidspunkt, legg de det også inn her. Enkeltbeskjedar vil vi også ha i Visma. Beskjeden legg seg då i innkryssingsboka i Visma og alle i personalet ser beskjeden som eit varsel. NB! ikkje legg inn sensitive opplysningar i varsel, då sender de melding i Visma.

Vi vil ikkje ta omsyn til munnlege beskjedar frå barna.

Det er viktig at barna føler at dei blir tatt i vare, så vi har eit tett samarbeid med skulen. SFO gir meldingar til kontaktlærar, skriftleg eller munnleg. Kontaktlærar gir meldingar til SFO etter skuletid om det skulle vere noko.

## Utstyr til barna

Erfaring viser at barna i periodar har mykje våte klede, då dei er ute mange gongar om dagen. Det kan derfor vere lurt å ha fleire skift med uteklede. Dette er ikkje eit krav, men vi opplever at barna har det kjekkare ute med gode, tørre klede.

## Ha elles med

- Matpakke
- Innesko /gymsko
- Ytterkle etter årstida (regnklede/støvlar, vinterklede/vottar/luer)
- Ekstra klede – frå inst til ytst.
- Hugs å merke kleda og utstyret godt!

**Betre med eit skift for mykje – enn ett for lite** □

